

MØTEBOK ODDA FJELLSTYRE

Tidspunkt: onsdag 10. januar 2018 kl. 1800

Stad: Brannstasjonen i Odda, kjellaren

Desse møtte: Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Mariann Nordstoga Berge, Britha Sandal og Ørjan Angell.

Andre tilstade på møtet: Steinar Lund (sekretær), Georg Gjøstein (Fjellstyra på Hardangervidda as)

Saker til styremøtet:

OFS 01/18: Meldingar

OFS 02/18: Referat frå møte 18. mai 2017 og 4. juli 2017

OFS 03/18: Revidering av samarbeidsavtale mellom fjellstyret og Fjellstyra på Hardangervidda as

OFS 04/18: Val av medlemmer til ei eventuell arbeidsgruppe fjellforvaltning

OFS 05/18: Toalett Bjørnavassbu

OFS 06/18: Snøskuter

OFS 07/18: Årsplan 2018

OFS 08/18: Plan for vinteren – transportar, ved med meir

OFS 09/18: Oppsummering reinsjakta 2017

OFS 10/18: Godtgjersle/påskjønning til dugnadsfolk

OFS 11/18: Informasjon frå haustmøtet i Eidfjord

OFS 12/18: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/ John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Britha Sandal/s/

Ørjan Angell/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varmedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

OFS 01/18: Meldingar

Saksdokument:

- 2017.08.22-274. Fjellstyresambandet - Samling for daglig ledere og styreledere/medlemmer og fagsamling
- 2017.08.25-321. Buskerud fylkeskommune - Rullering av regional plan for Hardangervidda. Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram
- 2017.08.31-145.9.Odda fjellstyre - Søknad Sparebankstiftinga Hardanger
- 2017.10.03-011.3. Fjellstyra på Hardangervidda – Revidering av samarbeidsavtale
- 2017.10.18-612.8. Odda fjellstyre - Fellingsrapport HA281
- 2017.10.27-600. Hardangervidda villreinutval – Invitasjon til haustmøte Hardangervidda villreinområde
- 2017.11.10-145.9. Sparebankstiftinga Hardanger - Avslag Sparebankstiftinga
- 2017.12.05-621.2. Hardangervidda Villreinutval - Resultat frå kalve- og strukturteljinga på Hardangervidda 2017
- 2017.12.05-612.8. Hardangervidda Villreinutval - Fellingsresultat Hardangervidda 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret tek meldingane til orientering.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane. Leiar orienterte om at det skal haldast eit møte om rullering av regional plan i Odda. Leiar vidaresender innkallinga til møtet til fjellstyremedlemmene.

Vedtak (sak OFS 01/18):

Styret tek meldingane til orientering.

OFS 02/18: Referat frå møte 18. mai 2017 og 4. juli 2017

Saksdokument:

- 02-18 Møtebok frå møte i Odda fjellstyre 18. mai 2017
- 02-18 Møtebok frå møte i Odda fjellstyre 4. juli 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner referatet frå møta 18. mai 2017 og 4. juli 2017.

Referat:

Britha Sandal stilte spørsmålsteikn ved om manglande innbetaling av fellingsavgift for 2016 er undersøkt, jf. sak 10/17 frå møte 18.5.2017. Leiar kommenterte at det ikkje er undersøkt om det ikkje er betalt inn, eller om det er feilført.

Vedtak (sak OFS 02/18):

Styret godkjenner referatet frå møta 18. mai 2017 og 4. juli 2017.

Samrøystes.

OFS 03/18: Revidering av samarbeidsavtale mellom fjellstyret og Fjellstyra på Hardangervidda as

Saksdokument:

- 03-18 Samarbeidsavtale - mal

Saksutgreiing:

Frå opprettinga av Hardangervidda Fjellopsyn as i 1997 har samarbeidet mellom det einskilde fjellstyre og fjellopsynet vore regulert i 5-årige avtalar. Noverande avtale er gyldig fram til 31.12.2017.

I styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as 20.6.2017 vart det vedteke ny avtalemål for nye 5-årige avtalar som byggjer på dei tidlegare avtalane. Avtalane har same tekst for alle fjellstyra.

Fjellstyra på Hardangervidda as har bedt om at fjellstyret handsamar avtala innan 20.12.2017, men har gitt Odda fjellstyre utsett frist.

Framlegg til vedtak:

Eivind Tokheim får fullmakt til å signere avtalen på vegner av fjellstyret.

Referat:

Georg Gjøstein orienterte om Fjellstyra på Hardangervidda as og samarbeidsavtalen med fjellstyra. John Helge Rasmussen stilte spørsmålsteikn ved at fjellstyret signerer ein avtale som strekk seg inn i ein ny valperiode for fjellstyret. Georg Gjøstein orienterte om at dette er vanleg praksis for alle fjellstyra.

Vedtak (sak OFS 03/18):

Eivind Tokheim får fullmakt til å signere avtalen på vegner av fjellstyret.

Samrøystes.

OFS 04/18: Val av medlemmer til ei eventuell arbeidsgruppe fjellforvaltning

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I samband med kommunesamanslåinga kan det bli oppretta ei arbeidsgruppe som ser på fjellforvaltning i den nye kommunen. På tidspunktet sakspapira blir sendt ut er det ikkje avgjort om det blir oppretta ei slik gruppe. Dersom gruppa blir oppretta må fjellstyret velja representantar frå fjellstyret til denne gruppa.

Styreleiar orienterer om saka på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Leiar og sekretær orienterte om saka.

Kort ordskifte.

John Helge Rasmussen kom med framlegg om at styret vel Britha Sandal i tillegg til leiar som representantar frå Odda fjellstyre til arbeidsgruppa dersom det skal vera to representantar frå kvart fjellstyre i arbeidsgruppa. Styret stilte seg bak dette.

Vedtak (sak OFS 04/18):

Odda fjellstyre vel Eivind Tokheim og Britha Sandal som representantar i ei eventuell arbeidsgruppe fjellforvaltning.

Samrøystes vedteke.

OFS 05/18: Toalett Bjørnavassbu

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Toalettet på Bjørnavassbu er i eit rom i fjellstyrehytta, med inngang frå utsida (figur 1). Toalettet er ei «bøtte» ein sit på, som må tømast ofte. Lukt frå toalettet har vore eit stort problem, og det er utan tvil ei dårleg løysing slik toalettet er i dag.



Figur 1. Toalettet på Bjørnavassbu.

Fjellstyret har i lengre tid hatt planar om å få gjort noko med situasjonen. Ei løysing som har blitt diskutert er å sette opp eit eige bygg med toalett. Å få til ei betre løysing med dagens ordning – toalett i rommet i hovudhytta, har blitt vurdert til å vera vanskeleg på grunn av manglande plass til dokagge under hytta.

Sakshandsamar vil i den samanheng koma med eit innspel om ei løysing tilsvarande den som Ullensvang fjellstyre har på Raudåna. Her blei det for nokre år sidan bygd toalett og lagerbygg. Under toalettet er det ein låg dokagge (om lag 30-35 cm høg) som blir teke ut gjennom ei låg luke i veggen (figur 2). Kaggen er tett i botnen, men det er bora hol ca 10 cm frå toppen, slik at det renn utor han viss han blir full. Dokaggen rommar ca 85-90 l. Ein må

vera to personar for å tømme han. På Raudåna blir dokaggen tømt i ei ur eit stykke frå toalettbygget.



Figur 2. Løysing for tøming av dokagge på Ullensvang fjellstyre si hytta på Raudåna.

Med ei tilsvarande løysing som på Raudåna ser sakshandsamar for seg å bygga ny «dobenk» i rommet som blir nytta til toalett i dag. På Raudåna er det nytta eit spirorøyr ned til dokaggen under hytta. I Bjørnavassbu er det plass til ein kagge som er minst like høg som den som blir nytta på Raudåna (figur 3). Ein bør leggja opp til å tømme kaggen før det renn over. På Raudåna blir det nytta sanitærvæske for å hindre lukt og framskande kompostering.

Denne løysinga vil vera billig, og kan settast i stand på kort tid. Det kan vera verdt å prøva ut dette før ein eventuelt vedtek å bygga eit eige bygg til toalett på Bjørnavassbu.



Figur 3. Under dagens toalett på Bjørnavassbu.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

John Helge Rasmussen stilte spørsmålsteikn ved om dette blir ei tilsvarende løysing det var på Belebu før det blei bygd nytt.

Britha Sandal kommenterte at prosessen med søknad om løyve til oppføring av oppføring av eit eige bygg til toalett bør gå parallelt med eventuelle utbetringar av dagens toalett Eivind Tokheim informerte om at han er i dialog med verneestyresmaktene om dette. Det var planlagt synfaring på Bjørnavassbu med verneestyresmaktene hausten 2017, men det blei ikkje gjennomført. Eivind Tokheim opprettheld dialog med verneestyresmaktene om saka.

John Helge Rasmussen kommenterte at det kan bli eit problem med vassig og is om vinteren med løysinga som er skissert i saksutgreiinga. Han peika også på at det ikkje er ein høveleg stad for å tømme doen i nærleiken av hytta.

John Helge Rasmussen kom med innspel om ei alternativ løysing til det som er skissert i saksutgreiinga, og foreslo at det blir greidd ut om alternative løysingar til utbetring av dagens toalett med kostnadsoverslag til neste møte. Styret stilte seg bak dette.

Vedtak (sak OFS 05/18):

Sekretær utarbeidar alternative løysingar til utbetring av dagens toalett med kostnadsoverslag til neste møte.

Samrøystes vedteke.

OFS 06/18: Snøskuter

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det har i tidlegare møte i Odda fjellstyre blitt diskutert om det skal kjøpast inn ein ny snøskuter, som erstatning for snøskuteren fjellstyret eig. I sak 15/17 blei det vedteke å utsette avgjersla til etter reinsjakta 2017. Skuteren fjellstyret eig i dag er slik sakshandsamar har forstått det i dårleg stand, og eignar seg ikkje lenger til bruk i fjellet.

Det er ikkje andre fjellstyre på Hardangervidda som eig snøskuter. Det vanlege er at dei som driv transport på dugnad nyttar eigne skuterar, og blir kompensert med køyregodtgjersle per kilometer etter statens regulativ.

Sakshandsamar er av den oppfatning at det ikkje kan forsvarast å bruke midlar på innkjøp av snøskuter. På kort sikt vil inntektene til fjellstyret bli låge sidan det mest truleg blir låge villreinkvoter dei neste åra. På lengre sikt kan ein sjå for seg at den økonomiske situasjonen vil bli betre, men Odda fjellstyre har eit lågt inntekspotensiale samanlikna med andre fjellstyre (få hytter og få reinsløyve).

Det har blitt gjort omfattende dugnadsarbeid i regi av fjellstyret dei siste åra. Omfanget av dugnadsarbeid som krev mykje transport ut over køyring av ved, gass og liknande, vil bli mindre dei neste åra.

Fjellstyret må ta med i vurderinga at Hardangervidda fjelloppsyn gjer ein del feltarbeid for fjellstyret. Dei siste åra har dette stort sett omfatta brannverntilsyn og oppsyn. Med tilsetning av sekretær har fjellstyret forplikta seg til eit større tenestekjøp frå Hardangervidda fjelloppsyn. Det betyr at ein del av det som tidlegare har blitt gjort på dugnad vil bli utført av sekretær/fjelloppsyn Steinar Lund og eventuelt andre i Hardangervidda fjelloppsyn. Dette fører til eit mindre behov for eigen snøskuter i fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret kjøper ikkje ny snøskuter.

Referat:

Fjellstyret sitt behov for ein eigen snøskuter blei diskutert. Eivind Tokheim orienterte om at bruk av privat snøskuter på dugnadsarbeid tidlegare har blitt kompensert ved at fjellstyret dekker drivstoff for kvart enkelt, og kommenterte at fjellstyre kunne vurdere ei auka godtgjersle.

John Helge Rasmussen foreslo at sekretær forsøker å få selt snøskuteren. Styret stilte seg bak dette.

Britha Sandal stilte spørsmålsteikn ved ordlyden i saksutgreinga: «*Med tilsetning av sekretær har fjellstyret forplikta seg til eit større tenestekjøp frå Hardangervidda fjelloppsyn. Det betyr at ein del av det som tidlegare har blitt gjort på dugnad vil bli utført av sekretær/fjelloppsyn Steinar Lund og eventuelt andre i Hardangervidda fjelloppsyn. Dette fører til eit mindre behov for eigen snøskuter i fjellstyret.*» Georg Gjøstein orienterte om ordninga med tenestekjøp frå Hardangervidda fjelloppsyn (HF). I budsjettet til HF, som blir vedteke av styret i Fjellstyra på Hardangervidda as, er tenestekjøpet til kvart enkelt fjellstyre fastsett. Omfanget av tenestekjøp frå kvart enkelt fjellstyre vil variere med behov og økonomi i fjellstyra.

John Helge Rasmussen kommenterte at det er positivt med eit aktivt dugnadsmiljø, og at dette bør halda fram i samarbeid med sekretær.

Vedtak (sak OFS 06/18):

Sekretær forsøker å få selt snøskuteren.

Samrøystes vedteke.

OFS 07/18: Årsplan 2018

Saksdokument:

- 07/18 Framlegg til møteplan for Odda fjellstyre i 2018

Saksutgreiing:

Framlegget til møteplan prøver å dekke dei sakene ein veit kjem, samtidig som det tek omsyn til tidsplanen til sekretæren (feltarbeid, ferie med meir). Det må lagast ein plan for alle tre fjellstyra, og vedtak i dei andre fjellstyra kan difor føre til endringar i tidspunkt for møte. Det vil bli forsøkt å legge opp til møte i Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre i førekant av møte i Fellesstyret, slik at dei to fjellstyra kan ta opp sakene som skal handsamast i Fellesstyret.

Framlegget til årsplan tek utgangspunkt i å flytte fristen for å søke om reinskort til tidlegare på året, for at sekretær skal få gjort unna sal av reinskort og anna arbeid før sommarferien.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek møteplanen for 2018.

Referat:

Framlegg til møteplan blei diskutert. Styret gjorde fyljande justering av planen:

- Møta i veke 4 og 25 blir tekne ut av planen
- Det blir berre lagt opp til eit møte på hausten, i november
- Planlegging av stengerunde i september/oktober

Vedtak (sak OFS 07/18):

Styret vedtek justert møteplan for 2018 (vedlegg til møteboka).

Samrøystes vedteke.

OFS 08/18: Plan for vinteren – transportar, ved med meir

Saksdokument:

Saksutgreiing:

På stengerunden i år blei det notert ned kor mykje ved og gass det var på Bjørnavassbu og Belebu, i tillegg til eventuelt andre ting som mangla:

Belebu:

- Ved: 22 sekkar
- Gass: 2 fulle, 2 halvfulle og 2 tomme
- 2 par årer ok, vurderer å kjøpa eit ekstra par
- Sanitærpark: lite, må ta inn meir til vinteren

Bjørnavassbu:

- Ved: 11 sekkar
- Gass: 2 nokså fulle, 3 tomme
- Lite oppvaskmiddel

Fjellstyret må legge ein plan for transport til hyttene i vinter.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det blei nemnt at det var behov for 40 sekkar ved i Belebu, og at det må inn meir toalettpapir enn det som blei teke inn i fjor. Arbeid frå i fjor som står att skal fullførast: kopling av gass, panela opp att dei to resterande soveromma, få på plass ny pipehatt.

Veden i Bjørnavassbu var av dårleg kvalitet i 2017.

John Helge Rasmussen la fram ei liste med naudsynte tiltak på Bjørnavassbu.

Dugnadsarbeid frå dei siste åra som ikkje er avslutta blir vidareført i 2018.

Vedtak (sak OFS 08/18):

Fjellstyret vidarefører dugnadsarbeidet frå dei siste åra.

OFS 09/18: Oppsummering reinsjakta 2017

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Leiar orienterer om administreringa av reinsjakta (søknad, sal, kortreturordning med meir) i 2017.

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Referat:

Kort orientering ved leiar.

Vedtak (sak OFS 09/18):

Styret tek orienteringa til vitande.

OFS 10/18: Godtgjersle/påskjønning til dugnadsfolk

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Under eventuelt på møtet 18. mai 2017 blei det diskutert om fjellstyret burde visa takksemd ovanfor dei som har gjort ein særskild innsats for fjellstyret i dugnadsarbeid dei siste åra. Dette kan vera ei markering, ei gåve eller liknande. Det blei vedteke å ta dette opp som ei eiga sak på neste møte.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Saka blir utsett til neste møte.

Vedtak (sak OFS 10/18):

Saka blir utsett til neste møte.

OFS 11/18: Informasjon frå haustmøtet i Eidfjord**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Leiar orienterer om tema som blei teke opp på haustmøtet i Eidfjord.

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Referat:

Kort orientering ved leiar.

Vedtak (sak OFS 11/18):

Styret tek orienteringa til vitande.

OFS 12/18: Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Justert møteplan 2018 Odda fjellstyre

Januar

Møte 1 v. 2, 10. januar

Plan for vinteren

Årsplan

Februar

Mars

Møte 2 v. 10

Budsjett

Rekneskap

Årsmelding

Prisar jaktkort og hytteleige

Reinsjakt: søknadsprosess mm.

Hytteleige: søknadsprosess mm.

April

Mai

Møte 3 v. 19

Trekking reinskort

Reguleringar reinsjakta

Fordeling hytteutleige

Juni

Juli

August

September

Oktober

Planlegging stengerunde (e-postveksling i styret)

November

Møte 4 v. 46

Oppsummering sommarsesongen og reinsjakta

Årsplan 2019

Plan for vinteren

Desember